

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 31.05.2018 halde oppmålingsforretning med grensepåvising over gnr 23 bnr 571, 572, 573, 574, 575, 576, 577, 578 og 579. Ved forretninga vart også grensa mellom 23/575 og 23/579 justert.

Følgjande møte på forretninga: Christian Fuglseth og Steinar Næss for 23/567, Håvard Matland for 23/571 og 579, Øystein Askeland for 23/572 og 579, Eirik Bratteng Fossheim for 23/573 og 579, Kjartan Toppe Jensen for 23/575 og 579, Thomas Eliassen Medhus for 23/576 og 579 og Jon-Karsten Berg Saunes for 23/578.

Grensemerka for dei enkelte eigedomane var stukke ut på førehand og påvist. Boligbygg Vest AS har 16.05.2018 søkt om grensejustering mellom 23/575 og 579 pga at innkøyringa til felles parkeringsplass er lagt om og går over 23/575 sitt sør-austre hjørne. Det er søkt om at 23/575 får kompensert arealet som går vekk til felles veg med areal på søraustsida av eksisterande grense. Kommunen har godkjent ei mindre endring av reguleringsplanen som er i samsvar med slik justering.

For å gjennomføra justeringa mellom 23/575 og 579 må alle partar godkjenne justeringa ved underskrift på protokollen. På oppmålingsforretninga var det ingen av partane som hadde merknad til justeringa og kommunen har i etterkant merka dei nye grensene for 23/575 i samsvar med reguleringsendringa. Ved justeringa har 23/575 avgitt 29,9 m2 til 23/579 og mottatt 33,4 m2 frå 23/579.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa må eigarar av 23/575 og eigarar av 23/579 godkjenne justeringa med underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar til kommunen.

Kommunen har matrikkelført og skrive ut nye matrikkelbrev for 23/571, 572, 573, 576, 577 og 578 som vert sendt dei enkelte eigarane. Matrikkelbrev for 23/574 er utsendt tidlegare. Matrikkelbrev for 23/575 og 23/579 vert skrive ut etter at grensejusteringa er gjennomført.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Underteikna eigarar av gnr 23 bnr 575 og gnr 23 bnr 579 godkjenner med dette grensejusteringa mellom 23/575 og 23/579 slik som skildra i protokollen ovafor:


Eigarar av gnr 23 bnr 575 og gnr 23 bnr 579
Gullborg Kolstad og Kjartan Toppe Jensen

.....
Eigarar av 23 bnr 579 og bnr 571
Anna-Ragnhild Røystrand og Håvard Matland

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 572
Mari Sævig og Øystein Askeland

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 573
Irene Bratteng Fossheim og Eirik Bratteng Fossheim

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 577
Tone Iren Hopsdal og Ole Martin Løver

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 576
Katrine Husebø og Thomas Eliassen Medhus

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 578
Miriam Saunes og Jon-Karsten Berg Saunes

.....
Eigarar av gnr 23 bnr 579 og 574
Anniken Hauge Monsen og Tarjei Åsebø

Sted
Frekhaug

Dato
18.06.2018

Underskrift

